

**100 - ÅRSMINNET FOR LODALSULUKKA 1905 - 14.-16.01.2005**  
**FJELLSKREDKONFERANSE - LOEN - 14.01.2005**

**Fylkesdirektøren rår HPN til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkeskommunen deltek med gjennomføring av Fjellskredkonferanse i Loen 14.01.2005 i samband med markering av 100 års minnet for Lodalsulukka i 1905.
- 2 Det blir sett av kr. 60.000,- til konferansen, frå disponible midlar på budsjettet for nærings- og tiltaksføremål.

## **Saksframstilling**

### **1. BAKGRUNN**

15. januar 2005 er det 100 år sidan den første store skredulukka i Lodalen. Ramnefjellet "losna" og tok med seg urmassar ned i Lovatnet. Flodbølgjene slo oppover land og øydela gardstuna i Bødal og Nesdal og 61 menneskje omkom i bølgiene.

Seinare veit vi at eit nytt fjellskred i Ramnefjell losna i september 1936, og nye 73 menneskje mista livet.

Desse dramatiske hendingane har sett sine spor i bygdene ved Lovatnet og Loen. Ingen kan vera upåverka av at slike veldige krefter blir sleppte fri frå naturen si side.

Stryn kommune vil markere 100 års minnet for Lodalsulukka i 1905 med eit program som går over tre dagar, fredag 14., laurdag 15. og sundag 16. januar 2005. Detaljar omkring dette vil bli klargjort seinare. I Stryn er det nedsett ei nemnd til å ta seg av dette. Fylkeskommunen er beden om å delta i deler av arrangementet m.a. med bidrag frå Fylkesarkivet.

Fredag 14. januar vil det bli arrangert ein fagdag på Alexandra Hotell med tema: "Krisehandtering og oppfølging av katastrofar".

Laurdag 15. januar vil det vera lokale arrangement i Loen og i Lodalen. Sundag 16. blir det invitert til Høgmesse i Loen kyrkje.

Regionalavdelinga har gjort framlegg om at det kan vera rett å markera 100 års minnet om Lodalsulukka i 1905 med ein Fjellskredkonferanse i tilknytning til dei andre aktivitetane.

### **2. SAKSINFORMASJON**

#### **Fjellskredforskning**

Sidan 1905 og 1936 er det gjort store framsteg med omsyn til forskning omkring dei dynamiske kreftene som er med på å utvikle sprekkesystem og som til sist løyser ut fjellskreda. Det er også gjort omfattande kartleggingsarbeid der det har vore fjellskred og ein har teke til med å identifisere nye område som kan vere utsette for fjellskred på kortare eller lengre sikt. Fjellskred i innsjø eller i fjordar er særskilt vanskelege å vurdere med omsyn til sikringstiltak. Dette skuldast effektar ved flodbølgjer som må bereknast ved hjelp av modellanalysar.

I Møre og Romsdal har dei også erfaringar når det gjeld fjellskred, jfr. ulukka i Tafjord i 1935. Ved Åkerneset i Storfjorden i Stranda kommune har forskarane funne sprekkesystem som er i ferd med å opne seg, med fare for utgliding av store steinmassar.

Også i Sogn og Fjordane er det identifisert område med fare for utgliding av fjellmassar som kan utløyse flodbølger. Nokre av fjellmassiva er undersøkte og blir jamleg målt med tanke på om det er rørsler på gang. Andre er ikkje kontrollerte i det heile.

Det kan vera ønskjeleg med eit betre og meir fullstendig program for kartlegging, undersøking og overvaking av ustabile fjellparti i fylket.

I Aurlandsfjorden inn mot Flåm, er det i samband med fyllittprosjektet i Aurland påvist store skredmassar med ein alder av 3000 år. I Islandske kjelder er det funne oppteikningar om at det gjekk eit stort fjellskred i Sogn i 1180. Denne staden er enno ikkje funnen.

Forskingsmiljøa som er aktive innanfor dette feltet, har sagt seg viljuge til å delta på 100 års markeringa. I dei siste 10 – 15 åra er det Noregs Geologiske Undersøkingar (NGU) og Norsk Geoteknisk Institutt (NGI) som har vore førande i slik forskning. Andre har også teke del, t.d. Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen si beredskapsavdeling og Sivilforsvaret er spurt om å delta med faglege innlegg.

Dei aktuelle institusjonar, statlege etatar, kommunar og andre har sagt seg svært interessert i å ta del i ein samling der resultatata innanfor fjellskredforskning blir presenterte og drøfta.

Samstundes vil det bli lagt til rette for ei ”poster”-utstilling, om fjellskred og flodbølger, der også bygdefolk vil bli invitert til å delta.

Målgruppe for Fjellskredkonferansen vil vera kommunane, politikarar, arealforvaltarar, forskarar og media.

### **3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR**

Kostnadene ved prosjektet vil vera knytte til felleskostnader på hotell; leige av møterom, leige av utstillingsareal, utstillingsmateriale, transport av utstillingsmateriale.

Reisekostnader, diett og overnatting for inviterte føredragshaldarar, produksjon av informasjonsmateriell.

Samanstilling av føredrag og informasjon om og frå konferansen.

Deltaking i andre aktivitetar i samband med minnemarkeringa i Loen / Lodalen.

Samla reknar ein med kostnader på kr. 60.000,- for realisering av Fjellskredkonferansen.

### **4. KONKLUSJON/TILRÅDING**

---

Hovudutval for plan og næring

Saksbehandlar: Bjørn Falck Russenes

Arkiv: K55

Arkivsaksnr.: 04/03783

---

Fylkeskommunen bør delta på markering av 100 års dagen for skredulukka i Lodalen 1905. Dette vil vera ei sterk melding om fylkeskommunalt engasjement i førebyggjande tiltak for levande bygder i Sogn og Fjordane.

Det vært sett av kr. 60.000,- til Fjellskredkonferansen. Løyvinga vært finansiert med disponible midlar frå budsjettet for nærings- og tiltaksføremål.